



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonserntent på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Mobil 416 28 531

e-post lars.mjøs@osteroyindustrielag.no
www.osteroyindustrielag.no

Hordaland fylke
Samferdselsavdelinga
samferdsel@hfk.no

Osterøy 13.5.2016

Uttale frå styret i Osterøy Industrielag til framlegget til Nasjonal Transportplan

Styret i Osterøy stôr fullt ut prioriteringa av nytt dobbeltspor for jernbanen Voss-Bergen og ny E16 på same strekninga og snarleg realisering for strekninga Stanghelle-Arna. Dette vil vere av stor verdi nasjonalt med betre kommunikasjon mellom Austlandet og Vestlandet og ikkje minst for Bergensregionen som treng ekspansjonsareal for både bustad og næring.

I Osterfjordregionen ønskjer me no å legge til rette for ei slik utvikling m.a. gjennom positiv utnytting av dei store mengdene tunnelmassar. Styret i Osterøy Industrielag oppmodar no Osterøy kommune om å snarleg utarbeide ein delplan til kommuneplanen sin arealdel for positiv utnytting av tunnelmassar, både til næring, bustad vegar/infrastruktur mm.

Både for oss som allereie er nærare Oslo enn mange område i Bergensregionen, men også for heile Bergensregionen, vil reisetida med tog med dette bli konkurransedyktig med fly.

Styret meiner det må vere ein eigen avkøyring og påkøyring i begge retningar frå og til den nye 4-feltmotorvegen Arna-Romslo. Osterøy har om lag 8.000 innbyggjarar og relativt mykje industri og ein må ta høgde for vekst.

Styret vil peike på at det kan bli vanskeleg/kostbart å opparbeide nok parkeringsplassar og kapasitet ved Arna stasjon. Me vil difor oppmode om at det for reisande frå både Osterøy og Samnanger/Hardanger vert vurdert eventuelt ein felles stasjon på strekninga mellom Osterøybrua og Trengereid med tilstrekkeleg parkeringsplassar.

Og så må det leggjast godt til rette for Ostringane og tilreisande (det er no ganske mange som pendlar til Osterøy) å reise kollektivt. Det må vere eit godt og raskt forsyningsystem med buss til jernbanen til og frå Osterøy med tilstrekkeleg parkeringskapasitet ved viktige busstopp.

Me vil peike på at Espevoll Næringsområde berre 6 minutt frå E16 og fleire næringsområde i Haugeområdet no kan nærme seg realisering. Osterøy har også eit godt potensiale for attraktive bustadområde nær kollektivtransportårar. Det er viktig at infrastrukturen vert tilrettelagt først.

Styret er positiv til statleg regulering av ny jernbane og ny E16.

Med venleg helsing Osterøy Industrielag

Lars Magne Bysheim, formann

Lars Mjøs, sekretær